

Hordaland fylkeskommune

Vår dato: 25.11.2015
Vår ref: 2012/252 - 23248/2015 / 025
Dykkar ref:

Søknad om tilskott til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK i Hystadmarkjo. Rapport om arbeid som er utført i 2015

Stord kommune fekk tilsagn om tilskott frå BARK midlane til Prosjekt Hystadmarkjo i skriv datert 29.05.2015. På grunnlag av at investeringane i skilta ikkje vil verta utført før i 2016, så søkte me om overføring av tilskotet.

Prosjektgruppa har til no bestått av representantar frå, Hordaland fylkeskommune, Stord Fitjar landbrukskontor, Friluftsrådet Vest og 2 representantar frå kommunen. Kultur- og idrettskonsulent. Me har hatt 4 møter og ein felles synfaring i Hystadmarkjo. Møta har vorte halden i Stord kulturhus på følgjande datoar: 27. april, 4. juni, 17 september og 20. oktober. Synfaringa var i etterkant av møtet den 17. september. I tillegg hadde representant frå Stord Fitjar landbrukskontor; representantar frå fylkeskommune og 1 representant frå SNO synfaring ein heil dag. Dei vurderte korleis skjøtsel av kulturminna skal gjerast med omsyn til at store deler av område er freda av Riksantikvaren.

Me skal ha eit neste møte 1. desember der gruppa vert utvida med ein representant frå Stord sogelag og ein representant frå Hystad skule.

I møte, synfaring og reisetid har me til no brukt 135 timar á kr 440,- utgjær samla kr 59 400,-.

I administrasjonsarbeid har eininga Kulturtenester nytta ca 40 timar i form av førebuing og etterarbeid til møte og førebuing av arbeidet. 40 timer á kr 440,- utgjær kr 17 600,-.

Med helsing

Guri Andresen Aksnes
kulturkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

